
EVENTYRLIGE PRODUKSJONER

VEST NÆRINGSRÅD

ØYGARDEN PÅ BRETTET

ØYGARDS-SPELET



Eit spel der målet er å byggje det største forretningsimperiet i Øygarden – og bli kjend med næringslivet, stadene og attraksjonane i kommunen undervegs.

Medlemmene i Vest Næringsråd får første sjanse

No fyller vi brettet med bedrifter frå Øygarden.

KONSEPTET

Kva er Øygardsspelet?

Eit underhaldande og strategisk brettspel for heile familien. Målet er å byggje det største forretningsimperiet i Øygarden – gjennom smarte investeringar og tøff konkurranse.
Men i staden for gater frå ein tilfeldig by er brettet fylt med bedrifter, stader og attraksjonar frå Øygarden.

- Felta på brettet er lokale bedrifter
- Firmakort med firmanamn og logo
- «Prøv lykka»-kort om bedrifter, stader og attraksjonar
- Spelepengar, terningar og brikker – eit ekte brettspel

«Bygg det største forretningsimperiet i Øygarden.»



Slik ser eit ferdig spel ut – her frå Romsdalsspillet, med lokale bedrifter på felta.

LOKALT INNHALD

Øygarden på brettet

Vi vil lage eit spel folk kjenner seg att i: bedriftene dei handlar hos, stadene dei vitjar og landemerka dei kjenner.

Straume	**Ågotnes**	**Rong**	**Knarrvika**
Skogsskiftet	**Skogsvåg**	**Tjeldstø**	**Klokkarvik**
Telavåg	**Glesvær**	**Kollsnes**	**Sture**

EITT BRETT – EIN HEIL KOMMUNE

Øygarden har vore gjennom fleire kommunesamanslåingar – sist i 2020, då Fjell, Sund og Øygarden blei éin kommune med over 40 000 innbyggjarar. Eit felles spelbrett, der bedrifter og stader frå heile kommunen står side om side, er ein konkret måte å vise at dette no er eitt næringsliv.

MEDLEMSFORDEL

Medlemmene får første sjanse

Vest Næringsråd gjer medlemsbedriftene sine kjende med Øygardsspelet før vi går breitt ut i kommunen. Det betyr at de kan sikre dykk felta de vil ha – til medlemspris – før resten av næringslivet får tilbodet.

Først i køen

Medlemsbedriftene får velje felt før spelet blir lansert for resten av næringslivet i Øygarden.

Medlemspris

275 kr per spel for medlemsbedrifter, mot 300 kr for andre. Ved minimum 36 spel.

Eit felles løft

Bedriftene på brettet er med på å skape produktet – ikkje berre kjøpe ein annonse i det.

«Det som er bra for kommunen min, er òg bra for bedrifta mi.»

ERFARING

Dette blir vårt niande lokale spel

Eventyrlige Produksjoner har utvikla og produsert åtte lokale brettspel. To av dei er rett i nabolaget: Bergenspillet og Bjørnafjordspelet. No er det Øygarden sin tur.



Sunnmørsspillet



Romsdalsspillet



Nordmørsspillet



Nordfjordspelet



Bergenspillet



Tromsøspillet



Trondhjemspillet

...og Bjørnafjordspelet er under produksjon no.

30 000

SPEL SELDE TOTALT

fordelte på åtte lokale spel



Kvar rute er 1 000 selde spel.

FOR BEDRIFTENE

Bli ein del av Øygardsspelet

No fyller vi brettet med bedrifter frå Øygarden. Bedriftene som blir med får tre ting – og blir dermed ikkje berre ein logo i spelet, men ein del av sjølve Øygardsspelet.

1

Eige felt på brettet

Med namnet og logoen til bedrifta. Spelarane kjøper, byggjer og konkurrerer om nettopp ditt felt.

2

Eige firmakort

Med firmanamn og logo. Kortet ligg i bunken gjennom heile spelet.

3

Eige «Prøv lykka»-kort

Eit positivt og underhaldande kort som fortel noko om bedrifta di.

De blir ikkje berre ein logo i spelet. De blir ein del av sjølve Øygardsspelet.

KVA DET KOSTAR

Plass på brettet

Prisen på feltet varierer med kor attraktiv plasseringa er. I tillegg kjøper kvar bedrift minimum 36 spel, som kan givast til tilsette og kundar, brukast som premiar eller seljast vidare.

PLASS PÅ SPELEBRETTET

8 000 – 20 000 kr

Frå dei rimelegaste felta til dei mest attraktive plasseringane på brettet.

MINIMUM PER BEDRIFT

36 spel

Til tilsette, kundar, premiar eller eige utsal. Gjerne fleire enn 36.

MEDLEM AV NÆRINGSRÅDET

275 kr

Per spel, ved minimum 36 spel.
Forbehalde medlemsbedrifter.

ORDINÆR BEDRIFTSPRIS

300 kr

Per spel, ved minimum 36 spel.
Bedrifter utan medlemskap.

RETTLEIANDE UTSALSPRIS

699 kr

Prisen spelet blir selt for i butikk.
Du kan òg selje det sjølv.

VIKTIG

Men du må bli med no

Dette er ikkje eit prosjekt der vi lagar eit nytt Øygardsspel kvart år. Vi lagar Øygardsspelet éin gong. Seinare kan vi trykkje opp fleire eksemplar av det same spelet, men vi lagar ikkje ei ny utgåve med nye bedrifter.

2
DAGAR
tok det før brettet i Bjørnafjorden var utseld

Eit spel som varer
Øygardsspelet skal leve i marknaden lenge – ikkje bli erstatta av ei ny utgåve.

Nye opplag ved behov
Vi trykkjer fleire eksemplar når lageret går tomt, gjerne mot jul og påske.

Bedrifta blir med heile vegen
Feltet ditt følgjer spelet så lenge det blir selt – òg i nye opplag.

Plassen på brettet du kan sikre deg no, kjem ikkje tilbake seinare.

SPREIING

Spelet hamnar i heimane

Øygardsspelet skal ut i butikk, i bedrifter og heim i heile kommunen. Feltet ditt blir med overalt der spelet blir spela.

1

Bedriftene på brettet

Minimum 36 spel kvar – til tilsette, kundar, premiar eller eige utsal.

2

Butikkar i Øygarden

Spelet blir selt over disk til rettleiande utsalspris.

3

Lag og foreiningar

Idrettslag og andre kan selje spelet som ein del av eigen dugnad.

4

Gåve og julehandel

Brettspel er eit populært gåveprodukt – nye opplag mot jul og påske.

Eit lokalt brettspel blir ikkje lagt i ein skuff. Det blir ståande i hylla og teke fram att, år etter år.

SLIK BLIR DU MED

Fire steg frå ja til ferdig spel

Vi kjem gjerne innom bedrifter som vil høyre meir. Vi viser korleis spelet fungerer, fortel om konseptet og ser på moglegheitene for akkurat di bedrift.

1

Ta kontakt

Ring, send e-post eller avtal eit møte.

2

Vel felt

Vi går gjennom brettet og finn plasseringa som passar.

3

Lever logo og info

Vi lagar firmakortet og «Prøv lykka»-kortet for deg.

4

Spelet blir produsert

Du får spela dine, og Øygardsspelet går ut i marknaden.

Har du lyst til å vere med – eller berre høyre litt meir?

Ta kontakt, så finn vi eit tidspunkt. Kjenner du ei anna bedrift som burde vere med? Tips dei gjerne om Øygardsspelet.

Werner Brandal

Sal og marknad · +47 973 05 908
werner@slive.no

NO FYLLER VI BRETTET

Øygardsspelet

Eit spel om Øygarden.
Forankra i kommunen. Fylt med næringslivet her.
Klart for å bli spela.

Vil du ha bedrifta di på brettet?

Werner Brandal

Sal og marknad · +47 973 05 908
werner@slive.no
eventyrligeproduksjoner.no

